



Del III - Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Austrheim kommune

Vedteken av Austrheim kommunestyre i møte 24. september 2020

Fastsett med heimeli lov av 2. juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholholdig drikk mv. § 3-7 og § 4-4 (Alkoholova).

Sal og utlevering av alkoholholdig drikk

Sal og utlevering av alkoholholdig drikk gruppe 1 på kvardagar kan skje frå kl. 09.00 til kl. 20.00 på kvardagar.

- Sal og utlevering av alkoholholdig drikk gruppe 1 på dagar før søn- og heilagdaggar kan skje frå kl. 09.00 til kl. 18.00. Dette gjeld ikkje dagen før Kristi Himmelfartsdag. Påske-, pinse-, jule- og nyttårsafta ersalstida til kl. 16.00.
- Sal og utlevering av alkoholholdig drikk gruppe 1 skal ikkje skje på søn- og heilagdaggar, 1. og 17. mai.

Alminnelege skjenketider

Skjenketida for alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2 er alle dagar frå kl. 08.00 til kl. 02.00

– med følgjande unnatak:

- Søn- og heilagdaggar startar skjenking frå kl. 12.00.
- Skjenketida for alkoholholdig drikk gruppe 3 er frå kl. 13.00 til kl. 01.00 alle dagar.

Opningstider

Opningstid er ein halv time lengre enn skjenketida. Konsum av utskjenka alkohol skal avsluttast seinast ein halv time etter at skjenketida tar slutt.